

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 44/2004

Møtedato: 8.9.04

Arkiv nr: 132

Søknad om tilskot, stølsvegen Høyme-Strø – ny behandling

Stølsvegen Høyme-Strø har søkt om tilskot til utbetring av stølsvegen frå Lostøl til Åstadstøl. Rekneskapsføraren opplyste at arbeidet i 2004 skal gå frå Lostøl til Grytestøl og førast vidare neste år. Vegarbeidet skal starte til sumaren 2004 og skal kombinerast med anleggsarbeidet med framføring av straum til Syndin.

Stølsvegen har kalkulert med kr 880.000 i utgifter i 2004. Av dette er kr 750.000 knytt til anleggsarbeidet. I 2000 fann fylkesmannen si landbruksavdeling v/Lundberg vegen svært bra, det var berre nødvendig med mindre tiltak rekna til kr 3000. Standarden på denne vegstrekninga er i dag omtrent på det nivå som dei andre vegane i Syndin-området etter utbetringa i 2003. Det ligg føre plan om at vegen skal bli heilårsveg og dei ynskjer derfor ein høgare standard enn vanleg. Lundberg kalkulerte opprustingsarbeidet til vegklasse 2 med 5 m breidde for heile strekninga Lostøl-Åstadstøl til kr 674.400.

Vegen har pr. 30.10.03 ein eigenkapital på kr 176.000 og forventa inntekt i 2004 er kr 319.000. Kapitalbehovet for 2004 blir etter dette kr 561.000. Det blir søkt om kr 200.000 i tilskot. Rekneskap er lagt med søknaden. Dette syner at stølsvegen Høyme-Strø har eit langt større inntektspotensiale enn dei fleste andre vegane.

Fjellstyret førte inn krav om planlegging av veganlegg for å ha eit budsjett som ein kunne vurdere tilskot etter. Dette skulle vera ein lik standard og eventuell heving av vegstandard ut over dette må vera vegstyret sitt ansvar.

Fjellstyret har i mange år gjeve store tilskot til veganlegg. Dette har gjort til at det har vorte underskot i fleire år og eigekapitalen har kome ned på eit minimum. Fjellstyret må derfor redusere utgiftene og kan ikkje gi så mykje tilskot som tidlegare.

I sak 14/04 gjorde fjellstyret følgjande vedtak:

Fjellstyret finn ikkje å kunne gi tilskot til det planlagde veganlegg. Bakgrunn for vedtaket er den økonomiske situasjonen til fjellstyret og at tiltak ut over vanleg vegstandard ikkje blir dekkja.

I brev datert 1.6.04 ber stølsvegen Høyme-Strø om at fjellstyret tek søknaden opp til ny vurdering. Stølsvegen kan vente med utbetaling av tilskot til fjellstyret har pengar til slike formål.

I nytt brev datert 27.07.04 frå stølsvegen har fjellstyret fått oversendt ny planlegging frå Lundberg. Etter påvisning frå styret fann han vegen dårlegare enn det han meinte etter fyrste befaring, m.a. problem med oppdemming av vatn. Han konkluderarar med at det er dårleg bæreevne fleire plassar og at vegen vil vera dårlig i vårløysinga. For eventuell vinterbrøyting vil dette spesielt bli eit problem.

Ved framføring av straum til Syndin skal kraftlaget legge kabel i grøftene. Det er viktig å få sprengt grøftene djupe slik at framtidig vedlikehald ikkje blir hindra. Ved sprenging av grøfter vil ein stor del av vassproblema bli borte om det samstundes blir lagt stikkrenner. Det vil også bli mykje overskotsmasse som kan brukast til vegen.

Lundberg kalkulerte utgiftene til vegutbetringa til kr 279.840. I dette er det ikkje rekna med djupare grøfter og heller ikkje bidrag frå kraftlaget. Ved samtale den 6.9.04 anslo han verdien av det kraftlaget skulle gjera å vera minst halvparten av dei totale kostnadane. Av dette følgjer det at utgiftene for vegselskapet ikkje er større enn kr 140.000.

Tilskot frå fjellstyret er ikkje noko stølsvegane har krav på. Dette er eit bidrag der fjellstyret bestemmer vilkåra. Fyrste vilkåret er at fjellstyret har økonomi til å gi tilskot. Vidare gir fjellstyret tilskot til anlegg og ikkje vedlikehald. Utbetringar ut over normal standard blir ikkje rekna med ved vurdering av tilskot. Vegar i allmenningen blir prioritert føre vegar utanfor allmenningen. Tilskot blir prioritert til dei vegane som har dårlegaste inntektspotensiale og økonomi.

Fjellstyret prioriterte sambindingsvegen frå Åstadstøl til Viksyndin ved tildeling av tilskot i 2000-2002. Stølsvegen Høyme-Strø hadde ikkje anleggsarbeid på denne strekninga i perioden. Fjellstyret hadde rekna med langt større tilskot enn kr 150.000 frå grunneigarfondet. Hadde tilskotet vorte større, hadde det vore mogleg å gi større tilskot til vegane. Tildelinga frå grunneigarfondet vart ikkje større fordi det

m.a. vart lagt vekt på at ein stor del var utanom allmenningsgrunn. Hovda-Syndin fekk likevel tilskot frå fjellstyret til utbetring av sin del som ligg på privat grunn. Her vart det m.a. lagt vekt på at denne delen hadde langt dårlegare standard, stølsvegen sin økonomiske situasjon og at dei hadde teke over ein del av Soleikrovegen utan å ha direkte nytte av denne delen. Stølsvegen Høyme-Strø har eit langt større inntektsgrunnlag enn dei to andre vegane. Det er derfor ikkje automatikk i at det blir gjeve same tilskot til dei tre vegane.

VEDTAK:

Fjellstyret har vurdert søknaden på nytt og finn ikkje å kunne endre tidlegare vedtak.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 11.10.04.

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Stølsvegen Høyme-Strø v/Trygve Tørstad, 2973 Ryfoss